

Sak 49-21 Referatsaker

Tilråding til vedtak

Styret tar referatsakene til orientering


Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:

Godkjent årsrekneskap 2020. Brev 16.09.21 frå Brønnøysundregistra.

Oppseiing dagleg leiar dater 15.10.2021.

Løyve til å etablere biogassanlegg.

<https://www.norskeutslipp.no/no/Listesider/Virksomheter-med-utslippstillatelse/?s=1000&t=Biogassanlegg&f=15>



Petter Bjørda
Dagleg leiar



Brønnøysundregistra

Organisasjonsnr: 984 068 085
VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS
Torvmyrane 29
6160 HOVDEBYGDA

Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
AR444014380	2021712212	16.09.2021

Stadfesting om godkjend årsrekneskap for rekneskapsåret 2020

Vi har den 31.08.2021 godkjend eit nytt årsrekneskap. Årsrekneskapen erstatter tidlegare registrerte årsrekneskap.

Du må kontrollere at desse opplysningane er riktige:

Årsrekneskapen for rekneskapsåret 2020 gjeld perioden frå 01.01.2020 til 31.12.2020.

Verksemda er i perioden ikkje registrert som morselskap i konsern.

Viss opplysningane er feil, må du sende ny korrigert årsrekneskap.

Du kan klage på dette vedtaket. Klagefristen er tre veker frå du tok imot vedtaket. Klageinstansen er Finansdepartementet, men du må sende klaga skriftleg til Rekneskapsregisteret. Det må gå fram kva vedtak du klagar på og klaga må vere grunngitt, datert og underskrive av klagaren. Sjå forvaltingslova §§ 28-32. Du har rett til å sjå dokumenta i saka, men med dei avgrensingane som følger av forvaltingslova §§ 18 og 19.

Gratis tilgang til norske lover finn du på www.lovdatab.no.

Med helsing
Brønnøysundregistra - Rekneskapsregisteret

Narve Amundsen
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Styret i Volda og Ørsta Reinholdsværk IKS
Torvmyrane 29
6160 Hovdebygda



Dato: 15.10.2021

Sak: Oppseiing som dagleg leiar i VØR

Eg vil vise til sak i styremøtet i august, der styret sette ned ei nemnd som skal planlegge overgangen mellom sittande og ny dagleg leiar.

Eg skisserte i den saka, at eg kunne tenke meg å gå av pr 30 august 2022. Eg har fått innspel både frå styremedlemar og einssilde tilsette om tidspunktet kan utsettast. Dette fordi ny sjef i VØR ikkje bør kasast rett inn i ferieavviklinga om sommaren, rett i budsjettarbeidet for 2022 og rett inn i avslutninga på kontrakten med Aurstad Tunell AS.

Eg har på grunnlag av det tatt ei ny vurdering, og seier derfor med dette opp frå 31.12.2022. Med rest ferieavvikling, blir siste arbeidsdag i praksis til jul.

Då har eg og fylt 66 år, og har bak meg nær 24 år som sjef for VØR. Det for vere nok.

Petter Bjørdal

Dagleg leiar